

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Fjerde søndag i openberringstida – 26.januar 2020

Preiketekst: Lukas 18,35-43

Lesetekst I: Salme 146,1-10

Lesetekst II: Romerbrevet 16,25-27

Å vera Jesu medhjelpar

Sist søndag las me at Jesus var i Kana. Det var fest der, men mangel på god drikke. Jesus gjorde vatn om til vin (Joh 2). Søndagen før det igjen las me at Jesus gjekk frå Galilea til Jordan (Matt 3,13). Der var døyparen Johannes, og Jesus let seg døypa av han. Dei som var der, kunne då høyra ei røyst frå himmelen som sa: Dette er Son min, som eg elsker. Han som eg har hugnad i. Og ikkje berre det, men det var som om himmelen opna seg, og Guds Ande kom ned over Jesus.

Snart påske

Dåpshandling; innviing til teneste, og deretter gjest i bryllup. Store ting – for Jesus og alle dei andre som var der. Men no er det kvar dag – i teksten hos Lukas - og hos oss. Meir enn ein månad sidan jul, januar er snart omme, skule og arbeidsliv er i den vante tralten. Det står 26. januar i sjusans og almanakk. Nokre har begynt å sjå fram mot vinterferie! I Jesu liv og virke har me gjort eit veldig stort sprang, for i teksten er det slik at Jesus nærmar seg avslutninga av si teneste på jorda (sjå 18,31-34). Han er ved Jeriko, og om ikkje lenge går han vidare oppover mot Jerusalem, og då får me palmesøndagteksten om inntoget, eselfolen og Hosianna-ropa.

Dette er kanskje forklaringa på at den blinde tydelegvis veit kven Jesus er. Etter nokre år i offentlig verksemd har mange møtt Jesus, fått hjelp av han, og spreidd dei gode rykta om han, sjølv om han av og til sa at dei ikkje skulle fortelja vidare det dei opplevde (for eks Matt 17,9). Den blinde mannen har sikkert også vore ekstra årvaken for om mogleg å finna nokon som kunne lækja og hjelpa han. Kven er ikkje det, for om mogleg å sleppa å bera på smerte og sjukdom? No nyttar han i alle fall høvet; han ropar ut til Jesus: Miskunna deg over meg. Ikkje berre ei gong, men to gonger, og andre gongen høgare enn den første. Kyrie eleison. Kriste eleison!

Eit liv i mørke

For nokre år sidan var artisten Anne-Kat Hærland i Stavanger og heldt show. Der tok ho mellom anna opp hennar eigen augesjukdom (retinitas pigmentosa); som gjer at ho gradvis kjem til å mista synet. Ho hadde vore plaga av det i lang tid allereie, og var open om at det var vanskeleg for henne. Men litt galgenhumor hjelper, sa ho.

Frå kristne samanhengar kjenner ein mange som enten var fødde blinde, eller vart blinde, og som likevel fekk utretta store ting i Guds rike. Eitt døme er songforfattaren Fanny Crosby, «the queen of gospel songs», som ho vart kalla. Frå norsk miljø kan ein nemna Mathias Orheim og Øivind Andersen.

Teksten er elles ein av mange der utfriing frå sjukdom og frelse går hand i hand. Den sjuke ber om lækjedom, og får meir enn han ber om. Ja, mykje meir enn han hadde forstand til å be om. Slik er Jesus! Det er så flott å sjå at mannen straks etterpå gjev seg i lag med Jesus og lovar Gud. Skulle ikkje undra meg om han var ganske høgrøysta også i lovsongen!

Både klagesongane og lovsongane våre kan vera stille og neddempa, eller med høgt volum. Det er oppbyggeleg å studera Salmenes Bok i GT, og sjå at det er minst like mange klagesongar som lovsongar; leseteksten i Sal 146 er eitt godt døme på det siste. For slik er også livet for oss alle. Det går ikkje alltid etter ein bein strek framover. Det er grøfter og fall, humpar og motbakkar, sjukdom og smerte, kamp og kross. Slik sett er det mykje ein kan kjenna seg att i hos den blinde mannen.

Jesu medhjelparar

Det er ein detalj ved teksten som ved første augekast kanskje ikkje synest å vera så viktig. Men kanskje er han det likevel? Nemleg at Jesus seier til nokre av dei som er rundt han, at dei skal leia den blinde mannen fram til Jesus (vers 40). Kvifor seier Jesus det? Han kunne jo sjølv gått rett bort til mannen! Han som visste og veit alt, hadde i tillegg høyrte ropa hans. Er det kanskje fordi mannen vart forakta og sett ned på; og at Jesus på denne måten ville gje læresveinane og andre som stod rundt han, ein leksjon i menneskeverd og menneskesyn?

Nokre av folka som var der då dette skjedde, hysja på mannen og truga han til å teia stille. Kanskje dei syntest det var uverdige at ein slik person skulle bry Jesus med plagene sine? Jesus sjølv gjer ikkje noko poeng ut av dette. Det står heller ikkje eksplisitt at det var nokon som tok på seg å vera Jesu medhjelpar ved å leia den blinde mannen bort til Jesus. Men underforstått, så må det ha skjedd. Jesus og den blinde kom i fysisk nærkontakt. Underet skjedde! Og kan henda fekk både læresveinane og anna godtfolk som var der, noko å tenkja på!?

Å syna miskunn

Er det mi plikt som menneske og som kristen å hjelpa ein som vert forakta og sett ned på? Kven er min neste? Kven synte seg som ein neste, spør Bibelen i ein annan tekst. Den som synte miskunn, var svaret. Kan henda er det ein og annan me kan vera med og leia fram til Jesus også i dag, i våre miljø. Ikkje fordi at Jesus ikkje kunne funne fram til dei sjølv, han har jo den store oversikten! Men fordi det er nokon som treng oss; og det er godt for oss å visa miskunn. Det er me som er Jesu munn, fot og hand på jorda i dag.

Kan henda er det ein og annan som kan ta til med å syngja lovsongar fordi du og eg syner miskunn? Og ikkje berre det – men teksten fortel at alt folket som stod rundt der i Jeriko, tok også til å prisa Gud då dei såg det som skjedde (18,43).

Anar me ei gryande vekkjing der i Jeriko? Og/eller i Jeriko, i Nasaret, i Israel, i jødiske og arabiske miljø – i dag? Enn vår eigen by og bygd og forsamling?

God helg!

Paul Odland

Utdanna diakon. Tilsett i NLM, DVI og NLA. Nå misjonssekretær i Den Norske Israelmisjon, Stavanger krets.

stavanger@israelmisjonen.no